

Refleksjon og skriving

I denne delen skal vi øve oss på å skrive ein reflekterande tekst om eit av temaa i boka om «Bomulv». Teksten skal presenterast høgt for nokre andre elevar i klassen.

1 Å reflektere

Snakk om kva det betyr å reflektere. Å reflektere kan bety fleire ting, men det greske ordet reflexio tyder å bøye tilbake. Til dømes vil ein lysstråle som treffer vatn, bli send tilbake, han vil bli reflektert i vatnet. Men i denne samanhengen betyr det å reflektere at vi skal tenkje nøye gjennom noko. Det er å formulere tankar og stille spørsmål, sende tankar fram og tilbake og vurdere fleire sider av ei sak. Å reflektere kan vere å gruble, fundere, grunne, spekulere, undre seg, filosofere, lure på, vurdere. Å stille spørsmål er bra når vi reflekterer. Då skal vi stille spørsmål som vi må tenkje gjennom, og som ikkje berre har eitt svar. Til dømes er det berre eitt svar på spørsmålet «Kva er hovudstaden i Sverige?»: Stockholm. Men dersom vi stilte spørsmålet «Kva betyr lykke?», må vi tenkje gjennom det, fundere på kva det er, stille fleire spørsmål, vurdere fleire sider av det å føle lykke. Du må rett og slett tenkje grundig på det, og det finst ikkje berre eitt svar.

Oppgåve: Lag fem spørsmål som ein kan reflektere over.

2 Før skrivinga

Lat elevane svare på to-koloneskjemaet og deretter samanlikne svara. Målet er å finne ut kva for tema *Bomulv* kan handle om.

Tema	Grunngjeving
<i>Bomulv</i> kan handle om vennskap	fordi ...
<i>Bomulv</i> kan handle om mobbing	fordi ...
<i>Bomulv</i> kan handle om å verne om ulven (dyrevern)	fordi ...
<i>Bomulv</i> kan handle om makt	fordi ...
<i>Bomulv</i> kan handle om å vere annleis	fordi ...
<i>Bomulv</i> kan handle om familien	fordi ...
<i>Bomulv</i> kan handle om redsel	fordi ...
<i>Bomulv</i> kan handle om ... (eige forslag)	fordi ...



3 Relevans

For at elevane skal kunne skrive ein reflekterande tekst om eitt av temaa, kan det vere fint å bruke egne erfaringar. I denne oppgåva skal elevane arbeide med å ta tak i egne opplevingar med eitt eller fleire tema i *Bomulv*.

Ta utgangspunkt i temaet **vennskap**. Skriv ned ei hending der du opplevde å ha ein god venn, og ei oppleving der du opplevde å bli dårleg behandla av ein venn. Du skal skrive kort kva som hende, og korleis du opplevde det. Ikkje bruk namn! Bruk dette som utgangspunkt når du skriv om eit tema frå *Bomulv*.

Du kan starte med: «Ein gong opplevde eg kva det betyr å ha ein god venn. Det som hende, var ...» «Da det hende, følte eg ...» «Ein annan gong opplevde eg kva det betyr å ikkje ha ein god venn. Det som hende, var ...»

For å skrive ein reflekterande tekst er det heilt nødvendig å stille spørsmål som ein kan svare på og skrive om. Spørsmåla under kan fungere som ei oppskrift for at elevane skal skrive ein reflekterande tekst:

- Kva er ein venn? (Fakta)
- Kva meiner du at ein venn bør gjere for deg? Grunngje svaret (meining og grunngjeving)
- Kva er fordelane med å ha ein venn? (fordelar)
- Kva kan vere vanskeleg med eit vennskap? (utfordringar/ulempar)
- Kva har eg opplevd som var bra med eit vennskap?
- Kva har eg opplevd som ikkje var så bra med eit vennskap?
- Kva vil du seie til andre om å vere ein venn? (noko du ønskjer)

4 Eksempeltekst

Overskrift **Flink**

Innleiing med tre utsegner

«No må du vere flink og rydde rommet ditt», seier mamma.
«Ver flink på skulen i dag», seier pappa.
«Du var flink til å sende pasningar i denne kampen», seier handballtrenaren.

Stiller spørsmål

Ja, eg er nokså flink til mykje, eg. Det er viktig for meg at alle synest eg er flink. Derfor jobbar eg hardt for å bli det. Eg ryddar og vaskar, eg følgjer med og gjer leksene mine, og eg prøver å sjå rundt på bana før eg kastar ballen. Av og til kastar eg til og med til dei som ikkje klarer å ta imot. Dei må jo også få vere med! Men kva betyr det eigentleg å vere flink?

Reflekterer over første utsegna frå innleiinga

Er ein flink når ein får til absolutt alt? Det kan jo hende eg ikkje må streve så mykje for å få det til. Eg er jo ganske ryddig av natur. Ikkje har eg så mykje småting som kan flyte rundt og lage kaos lenger, heller. Det er ikkje ofte det er så mykje rot å rydde på rommet mitt. Rommet til bror min, derimot ... Han som får til å rydde der, er jammen flink!

Reflekterer over andre utsegna frå innleiinga

Kva vil det seie å vere flink på skulen? Eg får jo alltid til leksene. Eg synest det er enkelt. Eg må aldri streve lenge for å lære meg noko nytt. Kven er flinkast eigentleg, – han som får til alt utan å streve, eller han som arbeider hardt og får til litt meir enn før?

Reflekterer over tredje utsegna frå innleiinga

På handballbana synest eg sjølv at eg er flink. Ikkje fordi eg skårar flest mål eller er den flinkaste på laget, for det er eg ikkje. Men trenaren seier at eg er god på lagspel, og det er også viktig. Ingen kan vinne ein handballkamp åleine, uansett kor flink ein er sjølv.

Avslutning med ope spørsmål

Eg trur alle kan bli flinkare. Eg synest det å vere flink handlar om å gjere så godt ein kan og prøve å bli flinkare enn før. Dessutan synest eg at dei vaksne ikkje bør mase så mykje om at vi skal vere så flinke heile tida. Kanskje dei heller bør mase litt om at vi skal vere snille med kvarandre?

Vesle meg (12)



Eksempelteksten skal vise korleis ein kan skrive ein reflekterande tekst. Snakk saman om teksten:

- Kva for døme brukar «Vesle meg» i denne teksten?
- Kva meiner «Vesle meg» det vil seie å vere flink?
- Kva meiner du det er viktigast å vere flink til?
- Er du einig i konklusjonen? Grunngje svaret ditt.
- Kva er forskjellen mellom å vere flink og å jobbe hardt?

Planlegg:

- Vel eitt av temaa frå *Bomulv* som du har lyst til å skrive om. Bruk to-kolonneskjemaet som utgangspunkt.
- Tenkjeskriv om eitt av temaa. Skriv ned alt du tenkjer om emnet. Du kan gjerne berre skrive stikkord. Lag tre spørsmål eller utsegner som ein kan reflektere rundt.
- Skriv meininga di og grunngje henne.
- Skriv kva fordelar og ulemper du ser om temaet.
- Skriv egne erfaringar om temaet (bruk det du skreiv om vennskap som døme)
- Kom med ei oppmoding til andre om temaet.

Skriv i veg:

Kriterium for ein reflekterande tekst:

- Bruk eg-forteljarvinkling
- Kom med nokre fakta om emnet.
- Sei meininga di og grunngje kvifor du meiner det du gjer.
- Still spørsmål i teksten som du kan svare på og skrive om.
- Skriv om fordelar og ulemper om eit tema.
- Skriv om egne erfaringar om temaet, kom med døme.
- Kom med ei oppmoding til den som les.
- Tenk grundig gjennom det du skriv om.

Bruk det du har planlagt, og skriv eit førsteutkast. Du kan bruke skriveramma som hjelp.



Tittel. Sjå på eksempelteksten og finn ein tittel til teksten din.

Innleiinga: Bruk eksempelteksten som utgangspunkt. Skriv gjerne ned tre spørsmål eller utsegner som du kan reflektere rundt. Eller skriv ned nokre tankar rundt emnet slik at det kjem fram kva teksten handlar om.

Reflekter rundt det første spørsmålet ditt / den første utsegna di. Hugs å få fram alt du tenkjer om det. Skriv ned døme slik som i eksempelteksten. Lag gjerne fleire spørsmål. Vurder fleire sider av saka.

Reflekter rundt det andre spørsmålet ditt / den andre utsegna di.

Reflekter rundt det tredje spørsmålet ditt / den tredje utsegna di.

Skriv ei avslutning. Du kan gjerne seie meininga di, oppmode til noko eller stille eit ope spørsmål. Sjå på eksempelteksten for å få idear.

Signatur



Førebud teksten:

Gå saman to og to. Les tekstane høgt for kvarandre. Gje tips til kva meir ein kan skrive om. Du kan jobbe ut frå desse spørsmåla:

- Har eg ein bra tittel?
- Er innleiinga fengjande og legg opp til spørsmål som eg kan reflektere rundt?
- Reflekterer eg nok over dei tre spørsmåla/utsegnene i hovuddelen?
- Er avslutninga bra nok?
- Har eg med signatur?
- Har eg hugsa stor bokstav, punktum og spørsmålsteikn?
- Har eg skrive nokon ord feil?

Skriv eit andreutkast.

Du kan enten skrive for hand eller på pc. Viss du skriv på pc, vil stavekontrollen hjelpe deg med å rette opp eventuelle skrivefeil.

Presenter teksten din.

Vel sjølv om teksten skal lesast høgt i klassen eller berre til ein annan elev. Lykke til!